



Kåre Skibenes

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/498 - 14/16412

Saksbehandlar:
Nina Randal
nina.randal@meland.kommune.no

Dato:
30.10.2014

Referat styremøte i Meland Frivilligsentral

Møtedato: 27.10.2014
Møtestad: Frivilligsentralen
Møtetid: 18.00 – 19.00

Tilstades: Kåre Skibenes, Helge Kvam, Nils Marton Aadland, Karin Strømmen, Øystein Thunold, Nina Randal
Forfall: Kjersti Monsen

Sak 17/14 **Styret konstituerar seg.**

Val av nestleiar:

Nils Marton Aadland la fram forslag om at ein representant frå dei frivillige vart vald til nestleiar.

Vedtak:

Karin Strømmen blei einstemmig valt til nestleiar.

Styret konstituerte seg.

Sak 18/14 **Godkjenning av innkalling og sakliste**

Godkjend.

Sak 19/14 **Godkjenning av referat**

Godkjend.

Sak 20/14 **Orientering – Frivilligforum tysdag 23.09.14**

Dagleg leiar orienterte om samlinga.

Sjå vedlegg.

Sak 21/14 **Aktivitatar ved sentralen**

Dagleg leiar orienterte om aktivitetane på sentralen.

Besøksstenesta: Har ca 10 aktive besøksvener. Dei jobbar kontinuerleg med å rekruttere nye besøksvener gjennom annonsering, stands og arrangement. Får oppdrag gjennom heimetjenesta og private.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Dataklubben: Starta opp i september med faste treff mandagar på Eldresenteret.
Frivilligmelding: Prosessen er i gong. Det er sendt løypemelding til ULK.
Bassengtilbod for familiar med born med nedsett funksjonsevne: Tilbodet starta opp i september. Sentralen søkte kommunen om tiltaksmidlar (Ramberg midlar) til leikeutstyr og fekk 5000,-. Det er kjøpt inn bassengleiker.
Styre og leiarkurs for organisasjonar: Kurset er retta mot styrene i alle organisasjonar i Meland. Hordaland Idrettskrets har sagt ja til å halda kurset her i Meland. Kursdato blir 17.november.
Gågrupper: Dagleg leiar har hatt møte med LHL, Revmatikarlaget, Helselaget og Dørstokkmila om å starte opp gågrupper i Meland etter initiativ frå Revmatikarlaget. Målet er å etablere fleire gågrupper som passar mennesker med ulike funksjonsnivå. På møtet kom det opp fleire idear som organisasjonane no luftar internt i sine lag. Nytt møte er sett til januar 2015.
Andre aktivitetar:
Møte med Ungdomslaga i Meland.
Skrive Kultur og Frivilligposten som gjekk ut til alle lag og organisasjonar i Meland.
Følgd opp saker frå Frivilligforum: sommaraktivitetar for born og unge, kulturråd.
Regionskonferanse i Stavanger.
Konferansen «Barn og mestring» i regi av Hordaland Idrettskrets.
Arrangement Eldredagen 1.oktober.
Møter med gruppa som har ansvar for den Kulturelle spaserstokken.
Nettverksmøte frivilligsentralane i Nordhordland.

Sak 22/14

Eventuelt.

Nils Marton Aadland ba om ei orientering om oppfølging av samarbeidsavtalen mellom Helse og Sosial og Frivilligsentralen. Samarbeidet har blitt følgd opp gjennom besøkstenesta.
Saka kjem opp på neste styremøte.

Neste styremøte blir torsdag 22.januar kl.18.00 på Frivilligsentralen.

Med helsing

Nina Randal
dagleg leiar Frivilligsentral

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:
brev

Kopi til:
Bente Bing Kleiva

Mottakere:

Kåre Skibenes
Nils Marton Aadland
Helge Kvam
Kjersti Monsen
Karin Strømmen
Øystein Thunold